

Årsmelding 2022 for Bunadnemnda i Rogaland ungdomslag



Ragnhild, Daghild og Eli i Oslo 5. desember 2022, med diplomene dei fekk for 35-40 års frivillig bunadsarbeid.



Flott frammmøte på festførestellinga i Oslo. Her sit dei og venter på Kronprinsen og andre prominente gjester i Sentralen.

Bunadnemnda hadde i 2022 fire medlemmer: Daghild Håvardsholm (leiar), Målfrid Grimstvedt (kasserar), Eli Olsen og Ragnhild U. Ødegaard (skrivar).

Me har hatt ni styre- og arbeidsmøte, og har delteke på tre evaluerings- og planleggingsmøte i bunadnettverket i Rogaland og eitt møte med Stavanger museum.

På årsmøtet i BUL Stavanger blei Daghild, Eli og Ragnhild utnemnde til heidersmedlemmer i laget For innsatsen gjennom mange år.

Bunadkafe på MUST Stavanger museum

Det var fire bunadkafear på våren, og fire på hausten; alle godt besøkte.

Me prøver å ha eit lite tema kvar gong, og bunadnemnda var ansvarleg for mange av dei.

Kursverksemd

Våren 2022 hadde me kurs med elleve deltakarar, åtte kvinner og tre menn. Registrert som to kurs. Me fekk ikkje koma i gang før i februar, pga. korona-restriksjonar. Siste kursdag tok me i mai.

Hausten 2022 hadde me kurs med tretten deltakarar, ti kvinner og tre menn. Registrert som to kurs.

Arkiveringsarbeid

I januar starta arbeidet med å laga eit felles papirarkiv for arbeidet i bunadnemnda. Til nå har kvart medlem hatt sitt eige arkiv. Målfrid laga ein arkivnøkkel, basert på standard arkivnøkkel for privatarkiv. Me kjøpte inn noko eigna pakkemateriell. Men mykje blir framleis lagra i ringpermar. Me har fått plass til arkivet i Siddisstova, inntil vidare. Parallelt blir mykje av materiale digitalisert. Mykje arbeid gjenstår. Verdiansettelse av varelageret vårt held fram.

Annan fagleg aktivitet

Stoff til stripestakkane

I løpet av 2022 er tre av dei fire variantane av stripestoff utselde. Handvevar Lise Skoug Obel på Lillehammer har teke på seg arbeidet med å veva opp to variantar; brun- og gulstripet stoff. Ho vever nok til 5 stakkar av kvar farge. Eli hadde møte med Lise på Stiklestad og fekk avklart kva garn og fargar som skal brukast. Tre fargar er standard frå Rauma ullvarefabrikk, mens tre er blitt spesialfarga. Lise fekk garnet i haust og er i gang med vevinga.

Saum- og brodrirettleingar

Arbeidsbeskrivelse til både kvinnelua og luestrimmelen er laga nye i år.

Bunadutstilling på Stavanger museum – «Frå Hulda til hijab»

I samband med utstillinga har bunadnemnda, og spesielt Målfrid, hatt mykje arbeid med å hjelpa med å velja plagg til utstillinga, og å laga omtalar av dei enkelte plagg. Me las og inn tekstane til audioguide som Målfrid hadde laga til museumsplagg og til våre bunadar. Me var inviterte til opninga 24/6, og fekk blomar som takk for innsatsen.

Årsmøte og fagseminar i Norsk folkedraktforum på Stiklestad 18.-20.3.2022

Heile nemnda reiste, med kvart vårt utstillinghovud i kofferten. For 19.3 blei Nff si utstilling «Hovudplagg og hårmote» opna. Utstillinga er nå på vandring, og er planlagd å koma til Stavanger museum våren 2023.

Målfrid vart vald til leiar i Norsk folkedraktforum på årsmøtet.

Fagdagan i bunad og folkedrakt 2022, på Fagernes 12.-13.9

Desse fagdagan arrangerer Norsk folkedraktforum årleg i lag med Norsk institutt for bunad og folkedrakt, Studieforbundet kultur og tradisjon, Noregs Ungdomslag og Norges Husflidslag. Fagdagan samla som vanleg godt over 100 deltakare. Alle i bunadnemnda deltok. Årets tema var tekstil, rekonstruksjon, bærekraft.

Haustseminar i Norsk folkedraktforum i Stavanger 28.- 30.10:

Kva materiale treng vi til ein rekonstruksjon? Med djupdykk i kvinnebunaden frå Ryfylke

Bunadnemnda stod for mykje av programmet på seminaret som samla 40 deltakare frå heile landet. Laurdagen var me på Stavanger museum. Deltakarane fekk orientering om bunadutstillinga, og omvising der heile bunadnemnda var blant omvisarane. Etterpå presenterte me arbeidet med rekonstruksjonen av kvinnebunaden. På sundagen heldt Eli, Daghild og Ragnhild kvar sitt kurs i stakkesnor og skoduk; flossekant til mannslua og luestrimmel til kvinnelua.



Til Bunadkafe på Stavanger museum kjem dei som treng litt hjelp med brodering og anna.



Ivrige elevar på haustseminaret til Norsk folkedraktforum i Stavanger.

Glimt frå det daglege arbeidet i nemnda



Ragnhild arkiverer mønster



Hovud må få hår



Kursdeltakar har funne stoff



Eit flott liv er mest ferdig

Handverksmessa i BUL Stavanger 19.-20.11

Daghild, Eli og Ragnhild deltok som vanleg med fyldig utstilling. I år var det fokus på nominasjonen til Frivillighetsprisen. Besøkande fekk sjå filmen som presenterte Bunadnemnda.

Frivillighetens år 2022

De tre «veteranane» i nemnda, Daghild Eli og Ragnhild, blei nominerte som ein av seks finalistar til årets nasjonale frivillighetspris. I samband med det, blei me inviterte til gjestebud på Skaugum 16.11. Posten Norge ba oss, saman med dei andre fem finalistane, om å vera med på avdukinga av eit nytt frimerke i høve Frivillighetens år dagen etterpå.

Me var og med på prisutdelinga i Oslo på Frivillighetens dag 5.12. Det var ein stor festførestilling i Sentralen, der utsendingar frå Rogaland Ungdomslag, Noregs Ungdomslag, Studieforbundet, Norges Husflidslag m.f. stilte opp i bunad for å markera at representantar for bunadarbeid var blant finalistane til prisen.

Planar for 2023:

Bunadkurs våren 2023, og evt. også hausten

Delta på bunadkafear på Stavanger museum

Ha ansvar for utpakking og montering av utstillinga av hovudplagg på Stavanger museum.

Arkivarbeid – halda fram

Delta på fagsamlingar innan bunadarbeid.

Fullføra innkjøp av handvove stripestoff frå Lise Skoug Obel.

Alle foto: Målfrid Grimstvedt, bunadnemnda i RU